

Valprogram 2023 -2027

Sykkylven skal vere  
ei kommune med

**Moglegheiter  
for alle**

Sykkylven Høgre



# 8 grunnar for å stemme

## Sykkylven Høgre



### Ein oppvekst med meistring og læringsglede

Høgre vil at barn og unge skal ha gode oppvekstvilkår med gode tenester som helsestasjon, barnehage og skule.

Lærarane er viktige for borna si læring, dei må ha tid til å sjå kvar enkelt elev for å gi tilpassa undervisning.

For å sikre dette, ønsker vi to pedagogar i kvar klasse på dei lågaste trinna på barneskulen.

Det kommunale symjeanlegget i sentrum er over 50 år og må erstattast. Høgre vil arbeide for at nytt symjeanlegg – Alpebadet – blir realisert.



### Heilskaplege helsetenester – ei trygg og verdig eldreomsorg

Høgre vil ha ei god og verdig eldreomsorg med fleire og meir differensierte tilbod til personar med demenssjukdom. Høgre vil at talet på plassar i sjukeheim skal dimensjonerast utifrå behov.

Høgre vil arbeide for å sikre ei framtidsretta og fagleg sterk legeteneste. Målsettinga må vere å få på plass eit distriktmedisinsk senter.

Pårørande gjer eit viktig arbeid, og Høgre vil at kommunen skal utarbeide ein Pårørandeplan.

# Berekraftig kommuneøkonomi utan eigedomsskatt

Høgre vil arbeide for at ein til ei kvar tid har rasjonell og effektiv kommunal drift. Sykkylven Høgre vil fortsette det arbeidet vi har gjort dei siste 4 åra med å halde eigedomsskatten så låg som mogleg. Høgre vil på sikt fjerne eigedomsskatten, og vi støttar ikkje eigedomsskatt på næring.

Vi ønsker å utgreie moglegheita for å redusere den kommunale delen av formueskatten i Sykkylven.



## Ein bra stad å bu – ein bra stad å besøke

Høgre vil arbeide for tettstadutviklingsprosjekt i heile bygda, for å sikre at det er attraktivt å bu i alle delar av kommunen. Vi vil fortsette å legge til rette for tomter i heile kommunen, med spesielt fokus på sentrumsnære tomter.

Høgre vil realisere «Masterplan for reiseliv» med t.d. langsiktig utvikling på Fjellsætra, Kyststi, sykkelturnisme, og utvikling av Auremarkane.

Høgre vil utforske moglegheitene for tursti/trappetrinn til Aurenakken.

## Førebygging, inkludering og rask psykisk helsehjelp

Høgre vil ha fleire lett tilgjengelege tilbod med kort ventetid, utan krav om henvisning frå lege. Vi vil ha fleire lågterskeltilbod og at ein skal ha psykolog(ar) i kommunen.

Vi vil at Sykkylven skal bli ein «HELT MED! kommune», slik at personar med utviklingshemming blir inkludert i ordinært arbeidsliv.

Høgre vil arbeide for at kommunen førebyggjer, avdekker og avverjar vald og overgrep, i samsvar med «Handlingsplan for vald i nære relasjonar».



## God infrastruktur og godt samarbeid i regionen

Høgre vil at ferjetilbodet i kommunen skal styrkast med fleire avgangar.

Vi ønsker at Storfjordsambandet blir realisert.

Dei siste 4 åra har fleire kommunale vegar blitt rusta opp, dette arbeidet vil Høgre skal fortsette. Det er t.d. viktig at Grebstadvegen blir realisert.

Vi vil realisere gangbru over Aureelva - for å knyte området ved småbåthamna i sentrum saman med kai-trappa og Haugneset. Vi vil også realisere uteområde ved vårt nye Bibliotek.



## Skaparglede – næringsvennleg kommune

Høgre støttar opp om «Omstillingsprogrammet». Det bidreg til å skape fleire arbeidsplassar og nye næringar i kommunen, samt til å sikre eksisterande arbeidsplassar.

Sykkylven næringsutvikling (SNU) er næringsavdelinga til kommunen der lokalt næringsliv også er eigarar. Samarbeidet er ein viktig suksessfaktor for utvikling av eit sterkt næringssteam.

Vi ønsker å skape gode rammevilkår for bedriftene, slik som då vi fekk gjennomslag for lågare arbeidsgivaravgift.



**Sykkylven skal framover**

## Kultur, folkehelse og frivillighet

Høgre vil sikre gode kulturtilbod i kommunen, ved bl.a. å oppgradere amfiet i kinosalen på Kulturhuset. Dette gjer at ein kan tiltrekke seg fleire typar artistar og større arrangement.

Vi vil fortsette å støtte ungdomstilbodet «Høbben» økonomisk. Høgre vil også ha ein plan for økonomisk støtte til frivillige lag og organisasjonar.

Vi ønsker å fortsette medlemskapet i Sunnmøre friluftsråd, som t.d.har gitt oss sand til badestranda på Haugneset og StikkUt turar.



## Les heile val-programmet

Bruk QR-koden eller gå til [hoeyre.no/sykkylven](https://hoeyre.no/sykkylven)



Hold mobil-kameraet mot QR-koden. Trykk på linken som dukker opp på skjermen



## **Birgitte Sætre Bonesmo**

Ordførarkandidat

Født: 1972

”Vi må vere framtidsretta og nytenkande, og omstille kommunen i takt med endringar i samfunnet. Sykkylven skal framover”



2. KANDIDAT

### **Jarle Strømmegjerde**

Født: 1960

”Ei samla bygd, med tilrettelegging for næringsutvikling, kultur, born, unge, eldre og bulyst i heile bygda.”



3. KANDIDAT

### **Torill Velle**

Født: 1971

”Vi må skape meir og inkludere fleire. Privat næringsliv er ein av våre viktigaste berebjelker”



4. KANDIDAT

### **Øyvind Hunnes**

Født: 1971

”Stabile og forutsigbare rammevilkår for både næringsliv og innbyggjarar”



5. KANDIDAT

### **Maria Moe**

Født: 1987

”Vi må gi barna våre ein god oppvekst i Sykkylven slik at dei ønsker å flytte tilbake etter studier og opphald andre stader.”

6. KANDIDAT

**Arne Von Krogh  
Bakkedal**  
Født: 1948

7. KANDIDAT

**Trond Blakstad**  
Født: 1963

8. KANDIDAT

**Karl Johan  
Blindheim**  
Født: 1981

9. KANDIDAT

**Tommy Hansen**  
Født: 1983

10. KANDIDAT

**Anders Hellebostad**  
Født: 1992

11. KANDIDAT

**Karoline Ringdal  
Hjelset**  
Født: 1990

12. KANDIDAT

**Jostein Hole**  
Født: 1958

13. KANDIDAT

**Ståle Anker Ljøen**  
Født: 1970

14. KANDIDAT

**Bente Karen  
Grebstad Molnes**  
Født: 1954

15. KANDIDAT

**Karoline B E  
Myklebust**  
Født: 1996

16. KANDIDAT

**Synnøve Ramstad**  
Født: 1948

17. KANDIDAT

**Kjellaug Roald**  
Født: 1942

18. KANDIDAT

**Aleksander  
Sandnes**  
Født: 1988

19. KANDIDAT

**Stig Sandnes**  
Født: 1964

20. KANDIDAT

**Sigurd Johan Aure  
Saure**  
Født: 1972

21. KANDIDAT

**Jan Ove Skogvold**  
Født: 1954

22. KANDIDAT

**Geir Straumsheim**  
Født: 1963

23. KANDIDAT

**Bernt Inge  
Tandstad**  
Født: 1965

24. KANDIDAT

**Marius Erstad  
Ulriksen**  
Født: 1988

25. KANDIDAT

**Jon Henrik Welle**  
Født: 1972

26. KANDIDAT

**Roger Welle**  
Født: 1968



## Stem på vår kandidat til fylkestingsvalet

**Torill Velle**

Fylkestingskandidat Møre og Romsdal Høgre



## Bli med på laget!

Høgre treng fleire medlemmar for å kunne drive ein effektiv valkamp og vinne val. Du kan vere med og bidra aktivt, eller kun støtte oss med ditt medlemskap. Velkomen!



Medlemskap for yrkesaktive koster 440 kr. Andre grupper betaler 220 kr. Skann QR-koden og les mer



## Bli med på laget og stem på vår ordførarkandidat!

**Birgitte Sætre Bonesmo**

Moglegheiter for alle

Sykkylven Høgre

